

Tysnes, 15. desember 2011

Treng du breiband til hus eller hytte i Tysnes?

Tysnes Breiband leverer internett, tv og telefoni over fiberoptisk kabelnett til alle bygder i Tysnes Kommune.

Kontakt oss gjerne på tlf 53 43 00 78, epost til firmapost@tysnes-breiband.no eller kom innom kontoret vårt hos Tysnes Kraftlag i Våge.

Prisliste og bestillingsskjema finn du på www.tysnes-breiband.no

Etableringskostnad er kr 5000,- og det er omlag tre veker leveringstid i utbygd område.

Fiberkabelen føl linjene for straumnett, og vi utfører installasjonsarbeid og monterer heimesentral innvendig. Kundar som vil ha kabelen i bakken må syte for føringsveg for dette på eigen tomt.

For nybygg:

- Meld tidleg frå til entreprenør/installatør om at du skal ha fiberbreiband
- Pass på at det vert lagt røyr i grøft på tomta, - for framføring av fiberkabel
- Bestill breibandstenester frå Tysnes Breiband og sei frå omtrent kva dato du treng tilkopling

LITT OM SATSINGA TIL TYSNES BREIBAND

Produkta våre er Internett, Tv og Telefoni

- Lynraskt internett – alltid tilkopa.
- Tv i krystallklar kvalitet. Tv-portalen har også radiokanalar, lokale filmar og filmleige. Pause- og opptaksfunksjon som tilleggsteneste.
- Telefonabonnement som inkluderer teljarsteg til fasttelefonar i Norden.
- Sesongprodukt tilpassa fritidsmarknaden.
- Datalagring som td. kan nyttast til egne bilde, - bilda kan du også vise på TV.

Produkta me leverer er frå Altibox as www.altibox.no, som er eit unikt nasjonalt partnersamarbeid for breibandssatsing.

Breiband via fiber gjev høgste fart for dataoverføring

Me leverer breibandstenester over fiberoptiske kablar som i praksis ikkje har avgrensing når det gjeld overføringskapasitet. Dermed kan me levera rett kapasitet til aktuelle tenester i dag og i framtida.

Viktig for Tysnes-samfunnet

Dei fleste er samde om at kvalitetsmessig godt breiband er viktig for å oppretthalda og auka busetnad i distrikta. Tysnes Breiband er ein lokal aktør som bidrar til å verkeleggjere dette, slik at innbyggjarane får tett kontakt med omverda og lettare kan bu og arbeida på Tysnes.

Velkommen som kunde - me er stolte av å kunna tilby den fremste teknologien som for tida fins på dette området!

Med vennleg helsing

Ingrid H Haaland
Breibandskoordinator

